



Nils Leine
Vennis
2975 Vang i Valdres
Ja

B

Styret i Valdres folkemusikklag:

Andris Kvam, 2975 Vang, tlf. 61 36 71 67 / 941 44 299	(leiar)
Guro Råheim Kvam, 2975 Vang	(Valdreskvelven)
Ingebjørg Moe, 2966 Slidre	(Vestre Slidre)
Harald Røine, 2943 Rogne	(Øystre Slidre)
Henning Andersen, 2910 Aurdal	(Vårflaumen)
Erik Røang, 2930 Bagn	(Begnåljom)
Knut Soldal, 2890 Etnedal	(Etnedal)
Knut Aastad Bråten, Nordahl Brunsgt. 22, 0165 Oslo	(Valdreslaget i Oslo)
Ingar Ranheim, Skrautvålvn. 6, 2900 Fagernes	(Valdres Folkemuseum)

Lokallaga:

Begnåljom spel- og dansarlag	v/ Runar Kolsrud, 2930 Bagn
Etnedal spel- og dansarlag	v/ Knut Soldal, 2890 Etnedal
Valdreslaget i Oslo	v/ Frode Rølandsgard, Olaf Ryes pl. 3B, 0552 Oslo
Valdreskvelven spel- og dansarlag	v/ Guro Råheim Kvam, 2975 Vang
Vestre Slidre folkemusikk- og danselag	v/ Ingebjørg Moe, 2966 Slidre
Vårflaumen spel- og dansarlag	v/ Inger Marit Viken, 2900 Fagernes
Øystre Slidre spel- og dansarlag	v/ Magny Karlberg, 2943 Rogne

Valdres folkemusikklag, Tyinvegen 27, 2900 Fagernes

LÅT O' LINK

Meldingsblad for Valdres Folkemusikklag, nr. 2 -1998



Langeleikspelaren Ragnhild Midthus f. Fystro.

- SONGVERKSTADEN 10. - 11. OKTOBER
- SKALKEFEST HILME-STEMNET, 10. OKTOBER
- NYÅRSFEST I ØYSTRE, 31. DESEMBER

JØRN HILME-STEMNET 1998 VELLUKKA HILME-FEIRING?

Me i arrangementskomiteen er godt nøgde etter stemnet. Vel 800 var innom museet på laurdagskvelden, noko som gjer stemnet til det best besøkte på 90-talet. Valet av Sven Nyhus sekstett må få mykje bygdefolk kom tilbake til stemnet. Men også elles var det stor deltaking og bra publikumsframfote. Det var berre Hilme-kursa som fekk ein liten nedgang frå tidlegare år. (frå 90 til 75 deltakarar)

Statistikken syner altså ei positiv utvikling, men me meiner at også det kunstnarlege var ei positiv oppleving. Av høgdepunkta må nemnast utdelinga av Andris A. Dahles minnepris for lydarlåttspel, som vart vunne av Bente Ingholm Hemsing, i konkurranse med 7 andre spelemenn. Bente fekk prisen for personleg og stilsikkert lydarlåttspel. Gratias!

Open klasse var ei nyskaping som opna for samspel og arrangering. Publikum tok godt i mot utøvarane, som alle så nær som ei, var personar me hadde sett tidlegare i vanlege kappleiks-klassar. Vinnarane spelte fantastisk på langeleik og seljeflyte. Det mest «provoserande» for nokre var vel visesong med gitarkomp, men såpass romslege får me vere at me godtek det. Toradar-tevlinga samla 8 spelarar, mellom dei nestoren Embrik Bergaplass frå Ål i Hallingdal, som faktisk vart slått av nestenvaldrisen Inge Gjevre frå Vågå.

Elles var det utetevling med lagdans, lokking og eldre blåseinstrument. Kombinasjonen av ulike innslag gjorde at utetevlinga vart svært publikumsvenleg.

Pressa var flinke til å stille opp. NrK P1, nrk P2, TV-Norge, Valdres radio og opplandsradioen hadde alle innslag før og under stemnet. Avisa «Valdres» stilte opp med ein god reklame-avtale, som gjorde at me fekk synleggjort oss godt i nærområdet. Mest takk til dei!

Men me set oss ikkje på laurbærbuska utan å filosofere over kva me gjorde dårleg, og kva me kan gjera betre. Her er eit: Gamaldansgolvet var for lite, og musikarane fraus i kjølig sumarluff. Rask-tenkte bunadsjenter ordna med provisoriske handleddsvarmarar av ull-føslar til felespelarane.



Er dette
Henning
Andersen kl.
03.00 på
Hilme-stemnet?

Låt o link gratulerer: Berit og Knut Steinsrud

På Landskappleiken på Kongsberg i år vart Berit og Knut Steinsrud frå Øystre Slidre velfortent utnemnde som heidersmedlemmer i Landslaget for Spelemenn. Dei er mellom dei svært få bygdedansarane som har vore aktive i Landslaget for Spelemenn i heile etterkrigstida. Far til Knut, Bendik Steinsrud, var ein kjend dansar som hadde kurs i springar i ungdomslaget alt før krigen, og Knut tok over denne kursverksemda frå 1946. Same året deltok han og Berit også på kappleik. I 1996 hadde dei såleis vore aktive i LfS i 50 år.

I dei 52 åra som no er gådde, har dei, og særleg Knut, halde eit utal kurs i Valdrespringar, i alle Valdres-bygder og vidare med, mellom anna i Amerika. Talet på kappleikar er heller ikkje råd å nemne, men det må takast med at dei vann Landskappleiken i 1973 og 1978.

Ei vel så viktig grunngeving for utnemninga er likevel tradisjonsbæringa i vidaste forstand: Måten dei har ført tradisjonen vidare på, som instruktørar og inspiratorar. Her har dei hatt svært mykje å bety langt ut over det lokale. Dei har stått for ein fri og ledig dansestil og ei opplæring med vekt på variantar og utfalding, i periodar der dansen elles har hatt sterke tendensar i retning stilisering og strukturering. Ein skal heller ikkje undervurdere kor mykje slike humørspreiarar har hatt å seia for at nye tilvekster til folkemusikkmiljøet har kjent seg velkomne, godt mottekte og heime.



Her ser me
Knut og Berit på
stolen på fjuvke

VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

- **Danseøvingar for alle:** Oppstart søndag 27/9 kl. 20.00 på Vennis grendehus. Framhald 11/10, 25/10, 8/11, 22/11 og 6/12. Noko danseinstruksjon, m.a. runddans og pols. Delt. avg. 150,-
- **Danseøvingar - junior:** Oppstart tysdag 29/9 kl. 19.00 - 21.00 på Åsvang skule. Framhald 29/9, 13/10, 27/10, 10/11, 24/11 og 8/12. Halling, gamaldans og springar for nybyrjarar og vidarekomne. Delt. avg. kr. 150,- Kontaktperson: Nils Rogn, tlf. 6136 8000
- **Songøvingar:** Oppstart søndag 4/10 kl. 20.30 på Åsvang skule. Framhald 18/10, 1/11, 15/11, 29/11 og 13/12 (kl. 20.00) Instr. Kristin Gulbrandsen, Kari Hagaseth og Jan Sparstad. Delt. avg. 150,- Kontaktperson: Kari Fagersand, tlf. 6136 7402
- **Samspel hardingfele** Oppstart søndag 27/9. Ta kontakt med Nils Leine for tid og stad., tlf. 6136 7240

VALDRESLAGET I OSLO

- **Danseøvingar** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar måndag frå 14. sept. kl. 19.30
- **Nybyrjarkurs** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar måndag frå 14. sept. kl. 18.00. Instruktørar Dag Hamre og Minna Wetlesen
- **Hallingdansøving** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar onsdag frå 23. september kl. 18.00
- **Eldre folkemusikkinstrument-treff** på Frognersetra restaurant. Førebels bestemt til 21. sept. Det blir fleire samlingar utover hausten
- **Rakfisklag** 2. desember
- **Lagskveld** med underhaldning og debatt om utmelding av NU, 16. november.

VÅRFLAUMEN SPRELL- OG DANSARLAG

- **Barneleikarring** på Leira skule. Leiar: Aud Søyland, tlf. 6136 2556. Runddans, turdans, marsj og langedans.
- **Øvingskveldar** utover hausten. Ta kontakt med Inger Marit Viken, eller les annonsesidene i «Vallersen».
- **Fest** på Slidrehuset 10. oktober i samarbeid med songverkstaden.
- **Ungdomsspelemannslag**, fyrste gong 14. oktober, 28. oktober, 8. november, 22. november og 6. desember kl. 19.00, museet. Kontaktperson: Ellen Persvold, tlf. 6136 0144.

INFORMASJONSBREV FRÅ VALDRES FOLKEMUSIKKARKIV

Som de kanskje alt er informert om, er Valdres folkemusikkarkiv no overført til Valdres folkemuseum. Eg trur og håpar at det ikkje blir større endringar korkje for brukarane av arkivet eller for meg som arkivar. Eg er å treffe dei same dagane som før; måndag, tysdag og halve torsdag (med atterhald om små endringar). Det går og an å avtale tid utanom kontortid. Studiesenteret er elles som vanleg ope for publikum kvar måndag fram til kl. 20.30 (ikkje sommarstid).

Alle registrerte opptak ligg no i programmet ACCESS, noko som fungerer bra. Om nokon har lyst til å bli kjent i arkivet, har eg nok arbeidsoppgåver å fordele...

Songsamlingar i arkivet

Det har vore vellukka å ha opne songsamlingar i arkivet. Me hadde tre kveldar i vår, og me vil fortsetje med songsamling ein gong i månaden fram til jul. Bodil Haug er ein trufast og god støttesongar/hjelpar. Alle velkomne! (sjå eige vedlegg med datoar for samlingane)

Songsamlingar i Valdres folkemusikkarkiv hausten 1998

Songsamlingane er ope for alle som er glade i å syngje - både nybyrjarar og vidarekomne! Det blir allsømg med stikkord lytte, lære og herme. Sett av kveldane alt no, ta med deg vener og gjertilbodet kjent. Ta gjerne med litt biteti til kaffen. Me ordnar kaffe og te. Inngangspengar kr. 20,-

Alle songsamlingane er frå kl. 19.00 til 21.00 i 2. etasje i administrasjonsbygningen på museet (inngang på nedsida til arkivet)

Dei neste kveldane er (forutan songverkstaden 10. - 11. oktober)

TYSDAG 3. november

FREDAG 4. desember (med litt ekstra jolegodt som kvar enkel tek med seg)

Helsing Bente.

VÅRFLAUMEN SPRELL- OG DANSARLAG

- **Barneleikarring** på Leira skule. Leiar: Aud Søyland, tlf. 6136 2556. Runddans, turdans, marsj og langedans.
- **Øvingskveldar** utover hausten. Ta kontakt med Inger Marit Viken, eller les annonsesidene i «Vallersen».
- **Fest** på Slidrehuset 10. oktober i samarbeid med songverkstaden.
- **Ungdomsspelemannslag**, fyrste gong 14. oktober, 28. oktober, 8. november, 22. november og 6. desember kl. 19.00, museet. Kontaktperson: Ellen Persvold, tlf. 6136 0144.



ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Der ikkje anna er nemnt, er aktivitetane i Spelemannsstogo på Herangtunet.

- **Fredagsdans** m. noko attåt, den fyrste fredagen i kvar månad, kl. 20.00.
- **Danseøving**, 11. oktober kl. 19.30 og annankvar syndag. Øving i kveding kl. 18.30 same kveld.
- **Hardingfele nybyrjarar vaksne**, onsdag 14. oktober og annankvar onsdag kl. 19.00, hardingfeleøving kl. 20.00 same kveld.
- **Langeleikøving** den fyrste måndagen i kvar månad, kl. 19.30
- **Helgekurs** i sprimngar, nybyrjarar, 6.-8. november på Heggebø skule kl. 19.30.
- **Basar** med dans på Tingvang, fredag 23. oktober kl. 19.00.
- **Nyårsfest** på Herangtunet.



BEGNALJOM SPEL- OG DANSARLAG

- **Runddanskurs** startar 14. Oktober i Bagn. Kurset går over seks kveldar. Instruktørar er Bente I. Hemsing og Ingar Ranheim. Interesserte kan ta kontakt med Runar Kolsrud.



DELTAKARANE SITT SYN PÅ KURSVEKA:

(TRULEG SPONSA AV ARRANGØRANE...)

Strunkeveka!

Dagene på Valdres Folkehøgskule var en positiv opplevelse fra begynnelse til slutt.

Flinke lærere gjorde inspirasjonen til å spille enda større, og muligheten til å hele tiden ha det gøy gjorde Strunkeveka til en opplevelse verdt en gjentakelse.

Vi langeleikjentene ble i hvertfall en sammensveiset gjeng som lærte utrolig mye og som hadde en kjempeartig uke.

Kommer tilbake neste år! Ingrid Kværne Amundsen

Strunkeveka på Leira

Eg lærte to låttar på hardingfele medan eg var på Strunkeveka. Læraren min heitte Henning. Mange trudde at det berre vart speling, men vi hadde like mykje fritid. Då kunne vi sparke fotball, spele dart og finne på mykje anna.

Eg budde på eit rom saman med to andre gitar, ein frå Valdres og ein frå Oppdal. Vi hadde det veldig moro i saman, men vi hadde ikkje bestandig lyst til å sova når kl. var 11 om kvelden.

På Strunkeveka var det mykje meir moro enn eg hadde trudd.

Helsing ein anonym kølstadbygding

STRUNKEVEKA!

I sumar var eg på Strunkeveka.

Der vart eg kjent med mange frå andre plassar på Austlandet.

Det var mange snille og «morsomme» lærarar der.

(og nokon kjedlege og, men dei gidder eg ikkje skrive om)


Det var veldig god mat der, (og særleg frokosten og kveldsmaten...)

Vi lærte mykje om folkemusikk, og om kveldane var det dans, med levande musikk.

Vi hadde felllessamlingar, og gjorde mykje saman, og vart mindre kjent med nokon og meir kjent med andre.

Sjølv har eg fått to nye brevvenner, og skal prøve og skrive meir til dei.

Helsing Ragnild Ranheim Lome



VALDRES FOLKEMUSEUM og VALDRES FOLKEMUSIKKLAG BER INN TIL

SONGVERKSTAD

10. - 11. oktober 1998

No må du vera leug og lett, for no ber det til med skrålning og fest (lenge leve naudrim)
Den nyoverførte, frå folkemusikklaget til museet. folkemusikkarkivar, Bente Ingholm
Hemsing, trår nok ein gong til med stort songverkstad på museet, helga 10. - 11. oktober.
Fleire framstående kvedarar og førelesarar kjem heilt sikkert til å gjera helga til ei gjevande og
folkeopplysande oppleving. Marit Karlberg, Gunnlaug Lien Myhr og Frode Nyvold skal stå for
praktisk opplæring. Ruth Anne Moen, Ingrid Gjertsen og Bente sjølv skal ha føredrag om
tradisjonell songstil. Eit interessant møte med ulike sjangarar, kjende og lite kjende songarar i
folkemusikkarkivet vil Bente gje oss.

«Med ruff og slyng» er namnet på eit av føredraga, det skulle tyde på at svært mange av
vanlege springardansarar faktisk kan vere med å syngje. Då tenkjer me på «ruffet». Me er sikre
på at det er mange rufsute songarar i lokallaga. Kanskje de har ei framtid som voksrull-opptak?

MØT OPP til hyggjeleg ruffing og kosesynging i haustmyrkret!

Påmeldingsfristen er sett til 5. oktober, tlf. 6135 9920 (månd/tyisd/torsd) Bente eller 6136
1198 (kveldstid, Bodil Haug).

Prisar: Seminar, instruksjon, konsert og fest: kr. 250,-/ 180,- (stud.)
Dugurdsmat - laurdag og sundag, kr. 70,-
Middag - laurdag, kr. 50,-

Ver venleg og betal inn på kontonr. 1594 10 49459.

Laurdag 10. oktober:

- 10.00 - 10.30 Velkomen og presentasjon
- 10.30 - 11.30 Praktisk opplæring i grupper
- 11.30 - 12.15 Dugurd
- 12.15 - 14.00 Innlegg ved Ruth Anne Moen. «Med ruff og slyng». Tradisjonell songstil - kva er det?
Kven skal vera forebilete ved vidareføring av tradisjonen? Dome frå folkemusikkarkivet
for Rogaland. Diskusjon.
Innlegg ved Ingrid Gjertsen. Grunnleggjande kjenneteikn ved syngjemåten i
tradisjonssong, sett frå forskarens ståstad. Diskusjon.
- 14.15 - 16.30 Praktisk opplæring i grupper
- 16.30 - 17.30 Middag
- 17.30 - 19.00 Felles songokt/ individuell rettleiing for dei som ynskjer.
- 19.30 DUGNADSKONSERT/ SKALKEFEST for Hilmestemnet på Slidrehuset. Dansefest etterpå.


Sundag 11. oktober:

- 10.0 - 11.00 Innlegg ved Bente I. Hemsing. Dome på ulik vokalopptak i Valdres folkemusikkarkiv
Genre - tekstinnhald - syngjestil Diskusjon
- 11.05 - 12.00 Praktisk opplæring i grupper
- 12.00 - 12.30 Dugurd
- 12.30 - 13.25 Praktisk opplæring i grupper
- 13.30 - 14.00 Felles songokt
Oppsummering

INVITASJON TIL

SKALKEFEST

etter årets Jørn Hilme-stemme



Alle dugnadsarbeidarar inviterast herved til
velfortent fest laurdag 10. oktober på Valdres
Folkemuseum

18.00 Enkel bevertning i Nystøga

19.30 Konsert på Slidrehuset med m. a. Marit Karlberg,
Gunnlaug Lien Myhr og Frode Nyvold. Gratis
inngang for dugnadsarbeidarar.
Dans etter runddans- og bygdedanslete.

VEL MØTT!

6. strunkeveka

Strunkeveka fekk til slutt 68 deltakarar på kurs, 22 av desse var frå Valdres. Deltakarane fordelte seg i fire hardingfelegrupper, tre grupper for vanleg fele, ei kvedargruppe, ei hallingdansgruppe, to toradargrupper, to langeleikgrupper og ei meisterklasse. Aldersspreiinga var stor, men hovudtyngda av deltakarane var mellom 14-16 år.

Gruppeundervisning og individuell undervisning med gruppelæraren utgjorde hovudsaken av kurset fagleg, men me fekk også tid til andre meir og mindre planlagde aktivitetar. Me hadde fellestimar med dans, og utruleg nok; ingen gitar fekk varige nr av dette! Dans ble det og ved fleire høve på meir frivillig basis. Fotballkampen mellom lærarar og elevar var det nok lettare å få den nemnde gruppa med på... Eg hugser ikkje lenger resultatet av kampane, men Marita S. Silberg var den som iallfall imponerte meg mest. Med nikking og høge spark dribla ho gutane som berre det. He he. Av hendingar med meir stovreint kulturelt innhald må konserten med kurslærarane og deltakarane i meisterklassa nemnast. Dette var ein flott konsert og ein fin måte å presentere lærarane og deira musikk for elevane på.

Vasetdansen fekk og vitjing av strunkane, me grilla, hørde ein minikonsert med lokk, tromme og lurtonar blanda med Jul Haganes sitt kåseri om Vasetdansen. Etterpå hadde me idrettsleikar og dans. Dette var den mest nervepirrande delen av veka synst eg då blytunge skyer låg over ein nytend grill. Dei realiserte seg ikkje i nemneverdig grad før mot slutten av måltidet og det gjekk fort over att, heldigvis.

Elevkonserten var eit høgdepunkt både musikalsk og med omsyn til nervar. Me hadde ei lang liste over innslag, 50 instrument som skulle stemmast, mange personar som skulle ut og inn og liten oversikt over kva som kom til å bli presentert. Eg ble overraska! Programmet glei perfekt og elevar og lærarar var kjempeflinke både med omsyn til musikk og disiplin! Eg både trur og vonar at ordforarar og andre leiarar i bevilgande myndigheiter som var til stades også synst det.

Elles må det nemnast at ein del utnytta den uorganiserte tida til fulle. Det vil seia, me hadde sett opp «soving» som ein post kvar kveld, men som me veit treng ikkje alle like mykje søvn. Det eg ikkje visste var at dei same folka treng mindre frukost enn dei som søv om natta. Det var iallfall konklusjonen ved frukostbordet. Rart det der. Men ei slik veke må og skal vera eit sosialt minne der viktige, sosiale band knytast, og då får det lite hjelpe om det var tre leiarar som nok hadde sett pris på litt meir av det ein kallar søvn... Evalueringsmøtet var positivt både frå lærarar og elevar, og me som arrangørar har berre fått blod på tann. Nokre erfaringar rikare held Strunkeveka fram til neste år veka før Jørn Hilme-stemnet!

-nelle

SLADRESPALTA

- Ellen har bolle i omnen
- Henning Andersen har kjøpt fem nye hus, tre strikkemaskiner, og to kyrkjeorgel som han skal sette opp på tomte si i Aurdal. Han planlegg også å setja opp att ein kopi av Aurdal kyrkje i stogo. Også ei kyr, for det har han sett på eit gammalt bilete frå 1901.
- Rune Hammarbäck, medlem i Valdreslaget i Oslo, er observert svært mykje på Fagernes i det siste. Vegvesenet vil krevja inn ekstra vegavgift. Kva driv han med?
- Bente etterlyser karar til songverkstaden. Ungkarar, grabukkar! jentefleirtal, møt opp!
- Ragnhild, 10 år, synest Tore Bolstad er kjempegrei (frå evalueringsskjemaene til Strunkeveka).
- «Dubbelt» skal det vera.
- Marit Karlberg er vedtatte flytta til Mattisgard av Øystre Slidre folkeregister. - Ein god ide av kommuna for å få færre ungarar på bygdene.
- Hallgrim Hansegård tok sjølv hovudansvar for ein 10-15 jenter under Strunkeveka. Takk for god innsats Hallgrim. Grabukkadn helse også!
- Henning Andersen er offisielt mobbeoffer i Låt ò link nr. 2/98

ÅREMÅL

Kjellaug Bolstad fyllte 80 år i august.
Arne Røine fyller 90 år i oktober.

Gratulerer! Nokon betre?

FAGERNES MUNNHARPEFESTIVAL 98

I helga 18.-20. september vart den 4. munnhorpefestivalen avvikla, som vanleg på Valdres Folkemuseum. Museet og Valdres Folkemusikklag stod bak tilskipinga, gjennom ei nemnd med: Anon Egeland, Rolf Karlberg og Tor Morten Røhr. Desse hadde fått med seg ein flokk på 16 medhjelparar til å ta seg av ymse oppgåver. Fleire av desse var i tillegg aktive utøvarar og deltok på festivalen. Med påmelde vart det i alt 33 aktive deltakarar med, alle norske.

Fredag kveld var det ei uformell samkome i Skattebustogo, med spel dans, prat og kaffeservering.

Laurdag begynte det oppsette programmet, med seminardelen. Fyrst ute der var Anon Egeland og Svein Westad, som orienterte om Den Internasjonale munnhorpefestivalen i Molln, Austerrike, som vart halden i sumar.

Etter ei matpause gjekk Morten Abildsnes gjennom ei lærebok i munnhorpespel frå Jakutia, og så innleidde Erik Røine og Anon Egeland om "teknikk og uttrykk i munnhorpespelet".

Sidan vart gruppearbeidet sett i gang, med desse tre emna:

- Munnhorpemaking
- Nybegynnarkurs
- Teknikk og uttrykk i munnhorpespelet

På laurdagskvelden var Slidrehuset laga til for "munnhorpekafé", med mønstringskonsert, dans, servering og munnhorpemarknad. Konserten, med fleire av dei fremste utøvarane i landet og Elisabeth Kværne og Ingar Ranheim som sikre programleiarar, vart vel motteken av eit heller sparsomt publikum.

Jakob Lavoll og Bjørgul Straume hadde munnhorper til sals, og folk trivdes med spel, dans, kaffe og kaker utover kvelden.

På søndag held gruppearbeidet fram. Som avslutning vart det ei drøfting av spørsmålet om stifting av eit norsk lag for munnhorpeinteresserte. Det kom fram at det var interesse for dette, og til å gjennomføre oppbygging av eit slikt lag vart det valt eit styre med Svein Westad som leiar, Bernhard Folkestad som sekretær, John Melhus som kasserar og Anon Egeland og Rune Åserud som medlemmer.

Truleg vil det nye laget stå bak ein årleg festival eller noko liknande, med vekslende lokalisering. Frå Setesdal er det uttrykt ynskje om å ta tilskipinga neste år.

Folk skilde lag med uttrykk for at dei hadde hatt utbyte og trivsel, på tross av lita deltaking.

PRIMSTAVEN

VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

- **Danseøvingar for alle:** Oppstart søndag 27/9 kl. 20.00 på Vennis grendehus. Framhald 11/10, 25/10, 8/11, 22/11 og 6/12. Noko danseinstruksjon, m.a. runddans og pols. Delt. avg. 150,-
- **Danseøvingar - junior:** Oppstart tysdag 29/9 kl. 19.00 - 21.00 på Åsvang skule. Framhald 29/9, 13/10, 27/10, 10/11, 24/11 og 8/12. Halling, gamaldans og springar for nybyrjarar og vidarekomne. Delt. avg. kr. 150,- Kontaktperson: Nils Rogn, tlf. 6136 8000
- **Songøvingar:** Oppstart søndag 4/10 kl. 20.30 på Åsvang skule. Framhald 18/10, 1/11, 15/11, 29/11 og 13/12 (kl. 20.00) Instr. Kristin Gulbrandsen, Kari Hagaseth og Jan Sparstad. Delt. avg. 150,- Kontaktperson: Kari Fagersand, tlf. 6136 7402
- **Samspel hardingfele** Oppstart søndag 27/9. Ta kontakt med Nils Leine for tid og stad., tlf. 6136 7240



VALDRESLAGET I OSLO

- **Danseøvingar** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar måndag frå 14. sept. kl. 19.30
- **Nybyrjarkurs** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar måndag frå 14. sept. kl. 18.00. Instruktørar Dag Hamre og Minna Wetlesen
- **Hallingdansøving** i Nordahl Brunsgt. 22. Annankvar onsdag frå 23. september kl. 18.00
- **Eldre folkemusikkinstrument-treff** på Frognersetra restaurant. Førebels bestemt til 21. sept. Det blir fleire samlingar utover hausten
- **Rakfisklag** 2. desember
- **Lagskveld** med underhaldning og debatt om utmelding av NU, 16. november.



HALLO FOLKEMUSIKK - VALDRES!

Etter ein regntung sumar, som ikkje har gjeve den store sumarkjensla, håpar eg likevel at de har fått med dykk ein grepa kappleik eller to som har retta på inntrykket.

Hausten er komen, og tida er inne for å starte opp med øvingar og kurs. Det kan nokre gonger synast trått og kome seg ut - dørstokkmila er ofte lang. - Men MØT OPP - IKKJE VENT TIL NESTE GONG.

Aktivitetane til folkemusikklaget har gått - og går sin gang. Eg vil få rette ein stor takk til alle som har vore med og gjort Jørn Hilme-stemnet og Munnhørpefestivalen til to bra arrangement. Songverkstaden er neste på programmet - håpar mange møter opp!

No er det lokallaga som ER Valdres Folkemusikklag, og dersom de har ting som kan/bør samarbeidast om i regionen, er Folkemusikklaget staden! Og dersom de vil nå ut med informasjon til medlemma i eige og andre lag, er Låt o' Link bladet!

Med dette vil eg ynskje alle ein god og triveleg folkemusikkhaust!

Helsing
Andris.



Nemnda vil arbeide for å få tak i eit større dansegolv, helst under tak. Kva kan me gjera for å løyse problemet? Har nokon ein stor raud låve for mykje? Me ynskjer også fleire krakkar og bord til å ha ute på museumsområdet.

Nemnda har ikkje hatt evalueringsmote enno, men det ser ut til at det blir eit særst pent overskot frå stemnet. Me hadde langt større utgifter til pr og konsert/gamaldans i år enn tidlegare, men meir publikum og større offentlege tilskot redda oss.

fr

ANNONSE:

HILME-SUPERSJEF SØKJAST

Hilmenemnda er ikkje ferdig med evalueringa, men me kan likevel seia no at mange av nemndsleiarane held fram. Me er svært lett-leidde, men stae og sjølvbevisste, og søker no etter ein ny leiar. Vår høgt respekterte leiar og førebilete Ellen Persvold har kake i omnen, og må prioritere den til sumaren. Vedkomande bør vere rik på tolmod, og ha overtalelsesevner. Frynsegode: Kjem gratis inn på Hilme-stemnet 1999.

B.mrk. «venleik inga ulempe»



Ungdomsspelemansslag i Vårflaumen

Me bed inn felespelande ungdom i Vårflaumen spel- og dansarlag til å danne eit eige spelemansslag. Vil du vera med?

Me treffast annankvar veke, onsdagar i oktober og seinare på sundagskveldar.

Fyste gong er 14. oktober.

TID: 19.00

STAD: Kjellaren på administrasjonsbygningen på museet

DATOAR: Onsdag 14. oktober og 28. oktober, søndag 8. november, 22. november og 6. desember

UMUSIKALSK LEIAR: Ellen Persvold

FOR MEIR INFORMASJON KONTAKT: Ellen Persvold ☎ 61360144

Vel møtt! Helsing styret i Vårflaumen